

Til media

04.05.2023

Nasjonal jordvernastrategi og jordvern som overordna omsyn i arealforvaltninga

Vi registerer frå mange hald ønskje om at at jordvern i langt sterkare grad må bli eit overordna omsyn i arealforvaltninga. Av nyare føringar som skal bidra til å sikra eit sterke jordvern må vi særleg nevna at fylkestinget har vedtatt ny fylkesstrategi for landbruk og jordvernsmål for Møre og Romsdal, i tillegg må det nevnast at det i bærekraftsmåla ligg klare element for eit forsterka jordvern, den nyleg inngåtte naturavtalen skal hindra meir nedbygging av produktivt areal og prinsippet om arealnøytralitet skjerpar kravet til meir effektiv bruk av areal. Alt dette er forhold som forsterkar behovet for å sikra at jordvern i større grad blir omsyntatt som eit overordna omsyn i arealforvaltninga.

Vi meiner at dette er forhold som må leggjast til grunn når Landbruks- og matdepartementet no arbeider med oppdatering nasjonal jordvernstrategi. Her er ein del av dei tiltaka vi meinar må gjennomførast for at jordvern i større grad skal bli eit overordna omsyn i arealforvaltninga:

Ikkje tilstrekkeleg kun å bruka omdisponering som målestokk for jordvern

Vi meiner det er feil kun å fokusera på kommunane si omdisponering av dyrka jord som målestokk for jordvern. Omdisponering er ein viktig målestokk, og denne må klart vektleggjast også vidare framover. Men det er no på tide å ta i bruk også andre måtar å måla utviklinga i jordvernarbeidet.

Skjerpa jordvernsmål

Målet pr i dag er på 3000 da. Vi ventar at det blir ei nytt jordvernsmål med eit klart skjerpa krav, maksimalt 2000 da som nasjonalt mål, samt at det i tillegg blir iverksett andre målbare tiltak.

Jordvern er ei overordna samfunnsinteresse og kommunane treng sterke føringar på bruk av dyrka og dyrkbart areal

Jordvern handlar først og fremst om å sikra og å ta vare på samfunnet sine interesser knytt til bærekraft, beredskap og sjølvforsyning. Norge har lite landbruksareal, men også få innbyggjarar samanlikna med andre land. Utbyggingspresset på dyrka og dyrkbar jord er stort mange stader. Det å sikra at dyrka og dyrkbart areal ikkje blir tatt i bruk til andre formål er, i langt større grad enn det hittil har vore teke høgde for, ei overordna samfunnssak og ikkje ei lokal sak som utelukkande kan avgjerast lokalt. Det må difor leggjast ytterlegare føringar på kommunane sin bruk av dyrka og dyrkbart areal.

Landbrukspolitiske verkemidlar og jordvern

Det å ha eit velfungerande landbruk der jorda blir brukt på ein god og bærekraftig måte, inkludert at små og store jordareal er tatt i bruk, er eitt av dei viktigaste verkemidla vi har for eit vellykka jordvern. I så måte er det viktig at dei landbrukspolitiske verkemidlane vidare framover blir innretta slik at meir dyrka jord blir tatt i bruk og at jorda blir driven på ein god og bærekraftig måte.

Jordvern må prioriterast i samfunnsplanlegginga

Vi har i lang tid hatt ei overordna politisk styrt areal- og samfunnsplanlegging med sentralisering, auka busetjing og næringsverksemd i byar og tettstader sentralt i dei beste landbruksområda. Dette har ført til omfattande nedbygging og tapte muligheter for matproduksjon.

Vi har med andre ord hatt ei styrt samfunnsplanlegging som har ført til betydelege tap av muligheter til å produsera mat. Slik kan vi ikkje ha det. Jordvern er ei overordna samfunnsinteresse og må prioriterast og hensyntakast i all samfunnsplanlegging.

Skjerpa krav til veganlegg for å spara matjord og sterkare føringar for at veg ikkje skal gå over matjord

Samferdsel er eit av dei arealføremåla som fører til mest tap av matjord. Det blir anslått at samferdselstiltak i snitt krev 1700 da jordbruksareal pr år i Norge. Dette kan ikkje halda fram. Men på same tid er dette eit resultat av den overordna samfunnsplanlegginga, med by- og tettstadsvekst der den beste matjorda er. Og påfølgjande behov for utbygging av samferdsel.

Med den aukande fokusen vi no har på ivaretaking av dyrka og dyrkbart areal, er det behov for å redusera arealbehovet særleg til nye veganlegg og ved utviding av eksisterande. Det er difor behov for å gjera noko med standardar, krav og føringar for veganlegg, slik at desse tek mindre dyrka og dyrkbar jord. Dessutan trenst det klare føringar på at veganlegg ikkje skal gå over matjord.

Arealreservar i godkjend kommuneplan

Ved rullering av kommuneplanen må det leggjast fram arealrekneskap der det går fram status for dyrka og dyrkbart areal som er tenkt for utbygging i kommuneplanen. Det må fokuserast meir på tilbakeføring til LNF og det kan ikkje tillatast at nye dyrka og dyrkbare areal vert sett av til nedbygging dersom det er sett av areal til dette frå før.

Landbruket si eiga nedbygging

Dersom det skal brukast av eksisterande dyrka areal til nybygg i landbruket bør det vurderast innføring av krav og ordningar knytt til riving av eldre driftsbygningar og tilbakeføring av areal til dyrka mark når det ligg til rette for dette. Eit slikt krav bør ikkje berre gjelda landbruket si nedbygging.

Det bør vera naturleg at landbruket tek vare på sitt eige areal og driftsgrunnlag, og vi trur at det i utgangspunktet er god fokus på dette. I staden trur vi heller det er viktig å setja fokus på at landbruket handterer og brukar all jord på ein god og bærekraftig måte.

Flytting av matjord er inga løysing

Vi opplever at det i kommunane har oppstått ein misforstått fokus på at flytting av matjord kan gje grunnlag for vedtak om meir nedbygging av areal. Det må understrekast at dette ikkje må vera løysinga for å få løye til meir nedbygging.

Fortetting og alternativ bruk av eksisterande nedbygd areal

Vi saknar at kommunane i sitt planarbeid på ein seriøs måte set meir fokus på fortetting av eksisterande nedbygd og omdisponert areal. Dessutan meiner vi at kommunen bør ha ei langt meir aktiv rolle med å gjera eksisterande nedbygd men lite brukt areal meir tilgjengeleg og interessant, i staden for å omdisponera dyrka og dyrkbar jord.

Med helsing

JORDVERN MØRE OG ROMSDAL

Øystein Solli

Atle Frantzen